

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 30. oktober 2014

Høyringsfråsegn gjeldande overføring av to vatn på Pyttafloene til Mauranger kraftverk

Vi viser til brev 29. juli 2014 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeldande søknad frå Statkraft Energi om konsesjon til å overføre to vatn på Pyttafloene til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune (NVE saksnummer 201401394-2).

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftslivorganisasjon med om lag 26.000 medlemmer. Bergen og Hordaland Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern innanfor områda med tilknytning til laget si verksemd. Bergen og Hordaland Turlag har både natur- og friluftslivinteresser i området som no er aktuelle for eventuell utbygging. Kvinnherad Turlag, som er vårt lokallag, har aktivitet og interesser i dette området.

Vi ønskjer å vera ein konstruktiv høyringspart i energisaker, og særleg ivareta omsynet til natur- og friluftslivinteresser i høyringa.

Søknaden frå Statkraft Energi er utarbeidd etter NVE rettleiar 2010/3:

”Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker: Rettleiar for utarbeiding av meldingar, konsekvensutgreiingar og søknader”. Manøvreringsreglement for heile Maurangerutbygginga vart gjeve ved kronprinsreg. res. av 1. juli 2005.

Prosjektet gjeldande overføringa av vatn 1062 og vatn 1112 til Mauranger kraftverk skal handsamast etter sakshandsamingsreglane som går fram av Vassdragsreguleringslova (vregl.) § 6. NVE vil ved konsesjonsvurderinga ta utgangspunkt i vregl. § 8. Omsynet til friluftsliv og landskap er viktige moment som fell inn under lova sin ordlyd om ”allmenne interesser” og som skal inngå i ei interesseavveging etter bestemminga. Særleg vert dette eit viktig moment når prosjektområdet inngår i eit område av stor verdi for friluftslivet. I lys av vregl. § 8 vil Naturmangfaldlova (nml.) § 7 leggja til grunn miljørettslege prinsipp som skal vurderast og gå fram av den endelege avgjerda frå NVE. Vi vil difor gje innspel til moment som får tyding i høve interesseavveginga i vregl. § 8, og innspel til moment som vil vera viktig i forhold til sumverknadsvurderinga etter nml. § 10. Ei særskild vurdering av kumulative inngrep er relevant med utgangspunkt i vregl. § 8 på sjølvstendig grunnlag. Sjølv om det einskilde tiltaka vert vurdert til ikkje å ha store skadeverknader, så vil vurderinga av eventuelle framtidige inngrep i området ha tyding for vurderinga etter vregl. § 8. Ei slik vurdering vil også vera utslagsgjevande for om prosjektet kan få konsesjon eller ikkje. Eit anna moment er at kraftprosjektet må kunne visa til fordelar som overstig eventuelle ulemper for ”allmenne interesser”, jf. vregl. § 8.

Friluftslivinteresser i prosjektområdet

Dei planlagte overføringsprosjekta er planlagt i eit område som i rapporten "Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland: Prosjektrapport 2008" (Fylkesmannen i Hordaland/ Hordaland fylkeskommune) er eit utfartsområde for friluftsliv kategorisert som verdi A: "Svært viktig", og gjeld Rosendalsalpane – Folgefonnområdet. Sperredammen ved vatn 1062 er planlagt i nærleiken av ein tursti, og tilsvarande vil sperredam ved vatn 1112 liggje i nærleiken av turstien i området. Dimensjonane til dammen ved vatn 1062 vil vera med ei lengd på 10 m og ei høgde på 1 m. Vi etterlyser her at tiltakshavar burde ha illustrert og visualisert (fotomontasje) korleis damkonstruksjon og borehull med inntak vil sjå ut ved vatn 1062. Ved vatn 1112 vert det ein damkrone med lengde 15 m, høgde på 5 m og eit fribord i tillegg med høgde 0,5 m med. Ein kanal på om lag 30 m vil bli etablert med ei breidde på 0,5-1 m. Tiltakshavar skriv at det ikkje vil vera behov for deponi, men at "små mengder sprengte og borede masser som vil bli plassert i tilknytning til anleggene". Vi meiner inngrepa vil bidra til å redusera opplevingsverdien av området. I dei nasjonale retningslinjene for små vannkraftverk (2007), som her vert nytta analogisk, vert det lagt vekt på: "For områder som klassifiseres som friluftslivsområder av stor verdi vil det bli lagt vekt på å unngå tiltak som reduserer verdien for friluftslivet".


Det går T-merka og varda sti i prosjektområdet frå Markjelke til Hundsøyra. Visit Sunnhordaland har ei skildring av turstien på sine heimesider: "På anleggsveg 500 meter opp til Svartedalsdammen. Resten av turen går for det meste på fjellgrunn. Hardingaskaret, over Austrepollen, er ein fin rasteplass. Her bør ein gå eit stykke ned i skaret og sjå utover. Det er mest utruleg at det har vore stølsveg opp her for hest og kyr. Herifrå kunne ein også ta seg over til Sørfjorden gjennom Kvitnadalen. Seinare vart det turistveg i Hardingaskaret og vidare til Hundsøyra, Holmaskjer og ned til Odda. Hardingaskaret var rasutsett, og frå 1860-talet overtok ridevegen frå Gjerde om Møsevatnet til Hundsøyra mesteparten av ferdsla. Frå 1890 vart "Keisarstien" frå Sunndal den mest brukte. Hundsøyra ligg i brekanten og er markert med den største varden i området. Her er vidt utsyn i alle retningar. For dei som har erfaring med brekryssing, ligg Holmaskjer og nedgangen til Odda berre ein times tid unna".

Den same stien vert også skildra på nettsidene til Ænes og Mauranger bygdalag: "**Markjelke – Hardingaskaret – Hundsøyra 1464 m o.h. T5 Tid: 2,5 t til Hardingaskaret, 4 t til Hundsøyra ein veg.** Kategori: Turen til Hardingaskaret krev normal fysisk form, til Hundsøyra god form, då det blir meir stigning og ein må forventa å gå attende også. Fantastisk utsikt utover fjorden frå Hardingaskaret. Turen er merka med dei kjende raude T-wardane. Beina tar deg raskt fram då det er god berggrunn å gå på i slakk stigning. Dette er også ein flott skitur om våren".

Vi ber også NVE merka seg at Såfossen er synleg frå T-merka sti. Frå nettsidene til Ænes og Mauranger bygdalag finn ein følgjande stiskildring: "**Starten av den eldste rideveg over fonna: Austrepollen - Lonelia - Mysevatn T6** Tid: ca 2.5 t ein veg, T- merka. Kategori: Normal god form, varierende stigning. Parkering og start ved bompengebua, ein går så inn til tunnelopninga og følgjer grusveg til venstre. Bygdafolket har restaurert deler av stien, og lagt ned eit flott arbeid med ny bru og fleire opplysningsskilt. Når ein følgjer stien oppover ser ein restar etter flotte murar frå då ridestien vart laga". Om Såfossen vert det her skrive: "Det heiter seg at når Såfossen (langs traseen) livnar om våren kan ein så i jorda".

Inngrepsfri natur

I konsesjonssøknaden skriv tiltakshavar, s. 13: "Det er ingen synlege inngrep i landskapet ved vannene på Pyttafloene". I søknaden har ein kome fram til at dei planlagte inngrepa vil føra til eit bortfall av inngrepsfri natur sone 2 på om lag 4,6 km². I konsesjonssøknaden er det valgt å sjå dette i høve den totale summen av inngrepsfri natur i Hordaland, s. 6. Vi meiner at dette ikkje vert ei korrekt framstilling av det konkrete bortfallet av inngrepsfri natur. Det er viktig å leggja vekt på det konkrete bortfallsområdet, som er del av ein "arm" (INON-sone 2) av eit større samanhengande området med inngrepsfri natur sone 2, sone 1 og villmarksprega natur som dannar Folgefonna nasjonalpark.



Figur 1 Samanhengande området med inngrepsfri natur sone 2, sone 1 og villmarksprega natur som er ein viktig del av Folgefonna nasjonalpark (kjelde: naturbase.no).

Vi vil visa til Klima- og miljødepartementet sin uttale i samband med forslag til Statsbudsjettet 2015, Prop. 1S (2014-2015), s. 193: "Likevel er det eit mål å ta vare på dei miljøverdiene som er knytt til dei større samanhengande naturområda. Til dømes skal viktige område for friluftsliv og opplevingar i naturen og viktige område for naturmangfald framleis takast omsyn til i arealforvaltninga". I tildelingsbrev 2014 frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet låg følgjande bestilling med frist 1. april 2014¹:

"175. Levere en faglig vurdering av INONs verdi som indikator for tilstanden i norsk natur, og om det finnes andre alternativer som eventuelt kan erstatte INON, for eksempel satellittovervåking"

¹ Jf. Tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet, s. 28:
http://www.regjeringen.no/upload/KLD/Tildelingsbrev/MDIR_Tildelingsbrev_2014.pdf

Miljødirektoratet har i rapporten ”Inngrepsfrie naturområder i Norge (INON) - verdi som indikator for tilstanden i norsk natur” (Oppdrag 175/2014 (KLD)–tema Kunnskap) gjort greie for oppdraget. Konklusjon i evalueringsrapporten seier: ”INON er den eneste indikatoren som gjør det mulig å kontrollere om Norge ivaretar internasjonal forpliktelse om bevaring av store sammenhengende naturområder og tilhørende habitater”.




Figur 2 Ein ”arm” frå ei samanhengande sone med inngrepsfri natur som strekker seg ut frå Folgefonna nasjonalpark vil verta råka av prosjektet. Blå sirkel merka av for vatn 1112 og raud sirkel for vatn 1062 (kjelde: naturbase.no).

Både dei omtalte vatna i konsesjonssøknaden ligg i randsona kring Folgefonna nasjonalpark: a) Vatn 1112 ligg om lag 2,15 km i luftlinje frå næraste grensepunkt til Folgefonna nasjonalpark. b) Vatn 1062 ligg 1,68 km i luftlinje frå næraste grensepunkt til Folgefonna nasjonalpark. Det må vera eit mål om å vera varsame med ytterlegare inngrep i randsona kring Folgefonna nasjonalpark.

Hydrologi

Vatn 1062

Vatn 1062 har avrenning til Øyreselva, der Øyreselva møter Goddalselva. Oveføringa av vatn 1062 til Mauranger kraftverk vil fjerne om lag 26 % av vassføringa i foss ”1062”.




Bilete 1 Vatn 1062 ligg mellom Svartedalsvatnet og Heimsta Bukkaspelvatnet. Vatnet er merka med raud sirkel på kartet og luftfotografiet (kjelde: Ut.no og norgebilder.no).

Øyreselva (046.4Z) har sjøaurestreking og tilstanden for sjøaure i elva er ”sårbar” (kjelde: lakseregisteret, Miljødirektoratet).

Vatn 1112

Vatn 1112 har avrenning til Austrepollselva via Såfossen. Overføringa av vatn 1112 vil verka inn på vassføringa i Såfossen. I hydrologirapporten er dette estimert at overføringa vil fjerna 59 % av vassføringa i fossen. Dette vil vera ein kraftig reduksjon av vassføringa i Såfossen, og må kunne karakteriserast som ei vesentleg ”ulempe”.



Bilete 2 Vatn 1112 ligg i nærleiken av Insta Bukkaspelvatnet. Vatnet er merka med blå sirkel på kartet og luftfotografiet (kjelde: Ut.no og norgebilder.no).

Austrepollselva (046.32Z) har sjøaurestreking og tilstanden for sjøaure i elva er ”sårbar” (kjelde: lakseregisteret, Miljødirektoratet).

Relevant i denne samanheng er LFI rapport nr. 166 (utarbeidd av LFI Unifob Miljøforskning – oppdragsgjevar: Statkraft), ”Statusrapport for langsiktige undersøkelser av laksefisk i seks regulerte vassdrag i Hardanger 2007-2008” av Ole R. Sandven, Sven-Erik Gabrielsen og Bjørn T. Barlaup et al. (2009).² I rapporten vert tilstanden for sjøauren i Austrepollselva og Øyreselva vurdert. Rapporten peiker mellom anna på: ”I tillegg vurderes det som svært sannsynlig at innføring av minstevannføring i Sima, Austdøla, Øyreselva og Austrepollselva på sikt vil bidra til en betydelig bedring i habitatforholdene for både ungfish og gytefish”. Rapport nr. 230 ”Gytefisketelling og registrering av rømt oppdrettslaks i elver på Vestlandet høsten 2013” (utarbeidd av LFI Uni Miljø) av Helge Skoglund, Bjørn Barlaup, Gunnar Bekke Lehmann et al. (2014) viser til følgjande data for gytefisketelling og rømt oppdrettslaks (utdrag frå tabell 4, s. 17, rapport nr. 230)³:

Vassdrag	Dato	Sjøaure		Villaks		Rømt oppdrettslaks	
		N	Egg/m2	N	Egg/m2	N	Andel (%)
Austrepollselven	15.10.13	3	0.1	0	0	0	0.0
Øyreselva	30.09.13	38	2.0	8	1.1	0	0.0

² Sjå rapport LFI Unifob Miljøforskning nr. 166, 2009:
<http://www.miljo.uni.no/wp-content/uploads/2009/12/LFI-Rapport-nr-166.pdf>

³ Sjå rapport LFI Uni Miljø nr. 230, 2013:
http://www.miljo.uni.no/wp-content/uploads/2010/03/LFI_rapport_nr_230_nett.pdf

Revisjon av vassdragskonsesjon for Maurangervassdraget

Austrepollelva og Øyreselva høyrer til Maurangervassdraget (046.3Z). I rapporten "Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022: Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering" (rapport 49/2013, NVE og Miljødirektoratet) er Maurangervassdraget omtala på s. 160. Vassdraget er vorte vurdert til å ha "Høg prioritet 1.1" for revisjon. I avsnittet "Vurdering av verdier og påvirkning" vert det skrive: "Øyreselva har god bestand av sjørørret (5). Laksebestanden anses som tapt (1). Austrepollelva har en sjørørretbestand med sårbar tilstand (3). Laksebestanden er ikke selvreproduserende (Y). Vassdragsregulering er bestemmende for tilstanden i Austrepollelva, Vannføringen er sterkt redusert i disse to elvene. Anadrom strekning er under 2 km i alle elvene, unntatt Øyreselva. En rekke biotopforbedrende tiltak er gjennomført i Austrepollelva. Tilstanden i magasinene er god". Følgjande aktuelle tiltak er føreslått i rapport 49/2013: "Aktuelle tiltak: Minstevannføring i Austrepollelva og Øyreselva for å bedre forholdene for sjørørret, Magasinrestriksjoner i Mysevatn og Svartdalsvatn av hensyn til landskap og friluftsliv". I konsesjonssøknaden s. 5 vert det skrive: "For de berørte vassdragene er vannføringen før og etter en utbygging beregnet. Disse viser at årsmiddelvannføringen i Øyreselva reduseres med bare 1,2 % og i Austrepollelva med 3,9 %. Reduksjonen i vannføring blir størst i perioden juni–oktober med 2-3 % i Øyreselva og 5-7 % i Austrepollelva. I perioden desember–april blir det nesten ingen reduksjon". Vi ber NVE vurdere om reduksjonen i vasstilføring til Austrepollelva og Øyreselva er foreinleg med føreslåtte aktuelle tiltak for dei to elvene med omsyn til anadrom fisk, jf. s. 160 i rapport 49/2013.


Landskap

I Aurland Naturverkstad si kartlegging av landskapstypar i Hordaland ("Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap", Aurland Naturverkstad, Rapport 07-2011) høyrer prosjektområdet til 17T02-04, som femner om "Storforma og alpine fjellmassiv".⁴

Sårbart høgfjell

I fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021 er det planlagte vasskraftprosjektet plassert i eit område som er definert som "Sårbart høgfjell" med "Stor verdi". Olje- og energidepartementet vektlegg at ein skal vera varsam med inngrep i områder som vert rekna som "sårbart høgfjell", jf. avsnitt 5.1 i "Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVE's konsesjonsbehandling".

⁴ Sjå kartet "Landskapstyper i Hordaland",
<http://www.hordaland.no/Global/regional/kart/LandskapstypekartHordaland.pdf>



Figur 3 Tematisk kart for sårbart høgfjell. Området mellom Svartedalsvatnet og Mysevatnet ligg i ei sone med "stor verdi". Vatn 1062 og vatn 1112 ligg i dette området (kjelde: fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021).

Vi ber NVE vektleggje kombinasjonen av inngrepsfri natur, sårbart høgfjell med "stor verdi" og regionalt friluftslivområde av "stor verdi", og særleg ta omsyn til dette i sumverknadsvurderinga etter naturmangfoldlova § 10 og i interessavveginga etter vassdragsreguleringslova § 8. I kommunedelplan for Mauranger-området 2005-2014 er området ved Pyttafloene gjeve som "LNF-område utan føresegner om spreidd utbygging". I føresegnene til planen heiter det: "I område med dokumenterte natur-, kulturminne- og friluftskvalitetar, skal det ikkje opnast opp for tiltak som kjem i konflikt med desse interessene".

Samla vurdering med særleg omsyn til friluftsinnteressar på Folgefonnhalvøya

Vi vil visa til at NVE har handsama ei større småkraftpakke for Folgefonnhalvøya med 13 prosjekt i Ullensvang herad, Jondal kommune og Kvinnherad kommune. I samband med høyringa av småkraftpakka for Folgefonnhalvøya ba Bergen og Hordaland Turlag om at O/U-prosjektet i tilknytning til Middagsvatnet (NVE saksnummer 201302845) måtte inngå i sumverknadsvurderinga etter Naturmangfoldlova (nml.) § 10 for Folgefonnhalvøya. Statkraft valgte seinare å trekkja dette O/U-prosjektet på 2,2 GWh 28.05.2014. Grunngevinga for å trekkja prosjektet var ut frå ei vurdering av lønsemd (estimert utbyggingspris for overføring av Middagsvatnet var: 2,3 kr/kWh – estimert utbyggingspris for overføring av to vatn ved Pyttafloene: 2,6 kr/kWh).

Det er NVE som bestemmer ei tenleg geografisk avgrensing for vurdering av samla belastning, og som sjølv har definert området Folgefonnhalvøya som ei tenleg avgrensing. Vi meiner difor at det er naturleg at overføringa gjeldande Pyttafloene vert vurdert av NVE i samanheng med den vurderinga av samla last som NVE har lagt fram i samband med småkraftpakka for Ullensvang herad, Jondal kommune og Kvinnherad kommune, jf. NVE KSK-notat nr. 25/2014.


Prinsippet om økosystemtilnærminga og vurdering av samla belastning går fram av naturmangfoldlova § 10. Ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassressursar følgjer også av vassforskrifta. Eit anna omsyn ved vurdering av sumverknader er å hindra ei bit-for-bit utbygging utan ein overordna plan. Sjølv om det førebels ikkje føreligg noko tilrådd, offisiell

metodikk for vurdering av sumverknader, så føreligg det rettslege krav til vurdering av sumverknader og forvaltingspraksis, td. sakshandsaminga for tilsvarande småkraftpakker i Hordaland for områda Voss, Valldalen og Sørfjorden.

Omsynet til ”samla belasting” tilseier at ein også vurderer både eksisterande inngrep som er fullførte, vedtatte, planlagte og omsøkte inngrep i forhold til økosystem og naturmangfald. Av førearbeida til naturmangfaldlova går det også fram at påverknad av estetisk karakter også er relevant som del av vurderinga etter nml. § 10.

Av tyding for vurderinga av samla belasting på Folgefonnhalvøya i forhold til friluftslivinteresser, landskap- og naturverdiar, som vi ønskjer å påpeike i denne samanhengen:

1. **Overordna plan for O/U-prosjekt:** Vi ønsker å visa til at i samband med NVE saksnummer 201302845 etterlyste vi ein overordna plan for O/U-prosjekt i området. Vi kan ikkje sjå at Statkraft har presentert ein slik plan. I konsesjonssøknaden skriv Statkraft at dei ”ønsker å utnytte en større del av det energipotensialet som finnes nær allerede regulerte og overførte vassdrag som i dag nyttes i Folgefonnverkene”. Dersom Statkraft har ein overordna plan for fleire O/U-prosjekt i området burde desse presenterast i sin heilskap og i samanheng. Vi vil visa til ”Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsregulering” gjeve av Olje- og energidepartementet (2012). Kapittel 7 handsamar høve til å sjå O/U-prosjekt i samband med revisjon av vassdrag. Maurangervassdraget har ”Høg prioritet 1.1” i revisjonssamanheng.



Figur 4 Eksisterande kraftprosjekt kring Mauranger. Svart strek = rørgate/tunnel, Svart sirkel = kraftpumpe, Svart firkant = kraftverk.

2. NVE KSK-Notat nr. 25/2014 (sumverknadsvurdering for Folgefonnhalvøya) er relevant for saka.

3. Vi føreset at annan infrastruktur innanfor den geografiske avgrensinga ”Folgefonnhalvøya”, både eksisterande og planlagte, som er del av energiplanlegginga, td. kraftframføring, anleggsvegar, massedeponi, reguleringsmagasin og vasskraftverk vert inkludert i vurderinga av ”samlet belasting”.

Avsluttande vurdering

Mauranger kraftverk har i dag ein årleg produksjon på 1150 GWh. Ein produksjon på 3,4 GWh per år er ei svært lita auke for Mauranger kraftverk i høve inngrepa som skal til for å realisera ein så liten produksjonsauke. Produksjonsgevinsten på 3,4 GWh er på størrelse med eit minikraftverk/ mindre småkraftverk, og tilsvarar straum til om lag 170 husstandar. Vi kan diverre ikkje sjå at dette er eit kvalitetsmessig godt kraftprosjekt som vil føra til ei vesentleg auke i kraftproduksjonen. Vi vil også påpeike at tiltakshavar vurderer dei overførte vassmengdene frå vatn 1062 og vatn 1112 som ”marginale” i samband med magasinbidrag til Svartedalsvatnet: ”De overførte vannmengdene er marginale i forhold til avrenningen til Svartedalsvatn-magasinet og vil ikke føre til noen endringer i manøvreringen av magasinet”, s. 28 i konsesjonssøknaden.

I hovudsak meiner vi at det ikkje føreligg fordelar med kraftprosjektet som overstig ulempene for friluftslivinteresser, ulempene ved tap av inngrepsfri natur, tap av opplevings- og landskapsverdi, jf. vregl. § 8. Difor meiner vi at prosjektet i utgangspunktet ikkje bør få konsesjon.

Vi viser også til fråsegn frå Kvinnherad Turlag til NVE i saka (NVE saksnr. 201401394), 16.10.2014. Vi støttar fråsegna deira.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg